

## Varsel om planlagt fråvær.

§6 Felles ordensreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune.

«Ved planlagt fråvær skal det søkjast til rektor. Søknaden skal vere skriftleg og grunngjeven, og den skal leverast i god tid. Fråvær frå opplæringa vert ikkje tillate dersom det kan føre til manglande vurderingsgrunnlag, eller dersom eit fråvær gjer det vanskelig å gjennomføre samarbeidprosjekt. «

Vår rutine ved Knarvik vidaregåande skule er at søknader om fri skal leverast til kontaktlærarar. Kontaktlærarar handsamar søknader som gjeld ein skuledag og avdelingsleiar får søknader som gjeld meir enn ein dag.

Når det gjeld søknad om permisjon på grunnlag av helse- og velferdsgrunnar, arbeid som tillitsvald, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagt oppmøte, representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå har vi eige skjema for dette.

Viss du planlegg reise av andre grunnar i skuleåret, så vil du normalt ikkje få innvilga permisjon eller sjølvstendig studiearbeid. Du som elev skal likevel varsle dine lærarar viss du planlegg å vere borte frå skulen. Dersom du ikkje varslar om planlagt fråvær så kan det få verknad på vurdering i orden.

Elevar har sjølv ansvar for å passe på at fråværet i fag ikkje overstig 10%, det gjeld også eventuelt manglande vurderingsgrunnlag i fag. Fråvær i samband med reise skal førast, og eleven har ansvar for å halde seg oppdatert i fag. Elevar har ikkje automatisk rett til ny eller utsett vurdering viss dei er vekke frå ein prøve.

Ditt namn:

Dato:

Klasse:

Kontaktlærar:

Dag(ar) du planlegg å vere borte frå skulen:

Grunngjeving for fråveret:

1

---

Postadresse	Besøksadresse	E-post	Telefon
Knarvik vidaregåande skule Juvikstølen 9 5916 Isdalstø	Juvikstølen 9 og Kvernhusmyrane 2, Knarvik	<a href="mailto:post.knv@hfk.no">post.knv@hfk.no</a> <b>Web</b> <a href="http://knv.hfk.no">http://knv.hfk.no</a>	57308100

---

Postadresse	Besøksadresse	E-post	Telefon
Knarvik vidaregåande skule Juvikstølen 9 5916 Isdalstø	Juvikstølen 9 og Kvernhusmyrane 2, Knarvik	<a href="mailto:post.knv@hfk.no">post.knv@hfk.no</a> <b>Web</b> <a href="http://knv.hfk.no">http://knv.hfk.no</a>	57308100